



Arkivnr: 2016/4239-67
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Deloitte orienterer om rekneskapsrevisjonen så langt i 2018

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i fylkeskommunen, jf. kommunelova § 77.4, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 4, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»

I samband med handsaming av sak PS 34/18 Revisjonsplan 2018 i møte i kontrollutvalet 07.05.2018 vart det gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet tar revisjonsplan 2018 frå Deloitte AS til orientering.*
2. *Utvalet ber om å få status om rekneskapsrevisjonen så langt i år i kontrollutvalet sitt møte 24.09.2018.*

Drøfting:

På bakgrunn av vedtaket over vil Deloitte i dette møtet orientere kontrollutvalet om status i høve rekneskapsrevisjonen så langt i 2018.

Konklusjon:

Dersom det ikke kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.